# Vedlegg 20

## 2017/5536 Forslag om ny forskrift for graden doctor philosophia (dr.philos.) ved UiT
## Høyringsinnspel og direktøren sine merknader

Brev 14.2.2018 frå Fakultet for biovitskap, fiskeri og økonomi (BFE-fak).
Brev 19.2.2918 frå Det helsevitskaplege fakultet (Helsefak).
Brev 26.1.2018 frå Fakultet for humaniora, samfunnsvitskap og lærarutdanning (HSL-fak).
Brev 19.2.2018 frå Det juridiske fakultet (Jurfak).

| | Tema | Innspel | Direktørens merknad /konklusjon |
|---|---|---|---|
| Generelt | Føreslått at dr.philos.-forskrifta skal vera lik ph.d.-forskrifta. | Jurfak sluttar seg til det. | Sjå saksframlegget. |
| § 3 | Spørsmål om fakulteta ynskjer heimel til å fastsetja utfyllande reglar. | -BFE-fak ynskjer ikkje det.<br>-Helsefak ynskjer ikkje det.<br>-HSL-fak ynskjer ikkje det. | Ikkje føreslått slik heimel. |
| § 3 | Det er spurt om det bør inn ein regel om at enkelte saker skal til direktøren. | -BFE-fak sluttar seg til det.<br>-HSL-fak spør kva som er konsekvensen av at direktøren skal behandla saker. | Vi har komme til at det ikkje er behov for ein slik regel. |

| | | | |
|---|---|---|---|
| § 5 | Prøveførelesingar eller ikkje? | -BFE-fak: Dei bør ikkje fjernast. Viss ei blir fjerna, bør det vera den sjølvvalde.<br>-Helsefak viser til argumenta i sak om revisjon av ph.d.-forskrifta. Der går Helsefak inn for å behandja prøveførelesing, jf. brev 5.4.2018.<br>- HSL-fak: prøveførelesingane bør ikkje fjernast. | Sjå saksframlegget. |
| § 5 | Forslag om at det einaste alternativet skal vera at studenten presenterer avhandlinga. | -BFE-fak er einig i forslaget. | Vi føreslår tiTilsvarande ordning som for ph.d.-graden. |
| § 6 | Same krav for å framstilla seg som opptakskrav til ph.d. eller meir fleksibel ordning? | -BFE-fak støttar det alternative forslaget med meir fleksibel ordning.<br>-Helsefak støttar forslaget som same krav som for opptak til ph.d.<br>-HSL-fak støttar forslaget om same krav, og meiner at det blir for vidt fortolkingsrom dersom det vert opna for vurdera andre faglege aktivitetar som kvalifikasjonar. | Sjå saksframlegget. |
| § 7 | Kva dokumentasjon skal krevjast? | -BFE-fak støttar det alternative forslaget som opnar for meir fleksibilitet.<br>- Helsefak støttar forslaget som har same krav som fot ph.d.<br>HSL-fak ber om at det skal presiserast dersom det ikkje er meininga at karakterane skal vurderast. | Til HSL-fak sin merknad om karakterar: Det går fram av forslaget til forskrift at det ikkje er krav om karakterar der. Sjå elles saksframlegget. |

| | | | |
|---|---|---|---|
| § 8 (1) | Omfanget av avhandlinga. | -BFE-fak støttar forslaget om at det skal gjerast tydeleg at ei dr.philos.-avhandling skal vera meir omfattande enn ei ph.d.-avhandling. Føreslår og at ved artikkelsamling skal kravet vera minst fem artiklar.<br>-HSL-fak er ueinig i forslaget i høyringsutkastet. | |
| § 8 (2) | Om samandraget i ei artikkelsamling. | -HSL-fak føreslår at det skal stå nærare forklaring om kva samandraget skal vera, som kan vera felles for fakulteta. | Dette bør eventuelt gjerast utanom forskrifta. |
| § 8 (7) | Kva språk kan avhandlinga vera på? | -BFE-fak tilrår at alternativa skal vera norsk og engelsk.<br>-HSL-fak føreslår at det skal opnast for same språk for dr.philos.-graden som for ph.d.-graden. | |
| § 9 (2) | Kor gamle kan element i avhandlinga vera? Det er føreslått åtte år. | -BFE skriv at fristen gjerne kan vera ti år.<br><br>-Helsefak meiner åtte år er for lenge, særleg viss dette gjeld publiserte artiklar. Fakultetet skriv vidare at *Henvisningen til at ph.d-studiet er på tre år, som argument for åtte år, kan oppfattes som om ph.d-studenter ikke publiserer noe i de tre årene.*<br><br>-HSL-fak støttar forslaget om åtte år. | Helsefak har misforstått. Forslaget tilsvarar ordninga i ph.d.-studiet, jf. ph.d.-forskrifta § 20 andre ledd: *Arbeid som er publiserte meir enn fem år før studiestart kan ikkje vera del av avhandlinga. Fakultetet kan dispensera frå dette dersom heilt ekstraordinære forhold tilseier det*. Som regel går det lenger tid enn tre år frå studiestart til levering – det er med andre ord høve til å ha med i ei ph.d.-avhandling arbeid som er publisert for minst åtte år sidan, og meir dersom studiet tek lengre tid enn tre år. [1] |

[1] 60 % av dei som vart tatt opp på ph.d.-studiet i 2011 var ferdige med studiet i 2017 (tal frå NSD).

| | | | |
|---|---|---|---|
| § 9 (3) | Forslag: det skal vera same regel som for ph.d.-graden når det gjeld avhandlingar som har vore vurdert ved annan lærestad. | -BFE-fak sluttar seg til forslaget.<br>-Helsefak òg.<br>-HSL-fak òg. | Tatt med i forskriftsforslaget (vedlegg 1). |
| § 10 (1) | Oppnemning av komité. | I sak om ph.d.-forskrifta har Helsefak føreslått at institutta skal kunna få fullmakt til å oppnemnga komité. Dei har komme med tilsvarande forslag for dr.philos.-forskrifta. | Vi tilrår ikkje denne endringa, og legg vekt på at det (per i dag) er fakulteta som administrerer programma. |
| § 10 | | Helsefak føreslår at «bør» skal erstattast med «skal» i tredje ledd. | Dette er ikkje følgt opp. Som Helsefak påpeikar, så vert «skal» moderert i fjerde ledd. |
| §§ 13 flg. | Det er føreslått at vurdering, disputas m.v. skal følgja reglane i ph.d.-forskrifta. | -BFE-fak har denne kommentaren: det bør vera tilsvarande regel som i ph.d.-forskrifta § 32 med høve til omarbeiding i første levering.<br>-HSL-fak går inn for at retten til å omarbeida berre skal gjelda ved kontinuasjon etter § 33 i ph.d..-forskrifta, jf § 32 fjerde ledd, og ikkje for omarbeiding i første levering. | Dette er følgt opp i forskriftforslaget, også ordninga med høve til å omarbeida i første levering. |